



Møteprotokoll

Utval:	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
Møtestad:	Festsalen, Volda samfunnshus
Dato:	09.03.2026
Tid:	kl. 13.00 - 19.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Brynhild Helene Solvang	Ap	medlem
Terje Følsvik	Frp	medlem
Petter Espe	H	medlem
Anders Egil Straume	KrF	leiar
Henriette Hafsaas	MDG	medlem
Hans Peter Eidseflot	SP	nestleiar
Olin Bruheim Løvlid	SP	medlem
Øyvind Espe	SV	medlem
Benedikte Holmberg	UAV	medlem

Andre som møtte

Børild Skåra - Landbrukskontoret
Jørgen Vestgarden – Avdelingsleiar utvikling
Edvin Løfoll – Avdelingsleiar veg og park.
Marthe Sleire Vatne – Fagleiar byggesak
Trond-Fredrik Hoddevik – byggesakshandsamar
Per Ivar Kongsvik – Kommunalsjef oppvekst
Tor Halvar Flacké Botnen – Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/725
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/725
PS 03/26	Orienteringar	26/725
PS 04/26	Einbustad - Bratteberg 7 - Gnr 21 bnr 148	25/2431
PS 05/26	Nye trafikktryggingstiltak - 2026	22/4172
PS 06/26	Reviderte retningslinjer for brøyting av kommunale vegar i Volda kommune	26/453
PS 07/26	Utbyggingsavtale Tussa Energi AS - Nye Tussa Kraftverk på Bjørke	26/102
PS 08/26	Jordlovshandsaming, deling av grunn til Lauvstad vassverk - Arve Sundnes - Volda - gnr 158 bnr 4	26/515
PS 09/26	Jordlovshandsaming, omdisponering av dyrka jord til ny bustad - Ingeborg Dybdal Øie - Volda - gnr 7 bnr 6	25/4267
PS 10/26	Nydyrking - Marius Løddøen - Volda - gnr 204 bnr 1	26/445
PS 11/26	Handsaming av klage på utsett oppstartsfrist, Bøfurevegen - Volda - gnr 201 m.fl.	22/4219
PS 12/26	Klage på avslag oppretting av punkt feste - Bjørnesetsætra 25 - Gnr 86 bnr 32	24/4808
PS 13/26	Handsaming etter høyring - Platting og vedbod - Hjortedalsætra 194 - Gnr 188 bnr 18	24/2608
PS 14/26	Søknad om dispensasjon - Fylling lverbogen - Folkestad - gnr 107 bnr 4	25/2521
PS 15/26	Ny søknad om dispensasjon - Furene 16 - Gnr 12 bnr 61	26/707
PS 16/26	Delegerte saker	26/725
PS 17/26	Carport med altan og levegg - Furebakken 3 - Gnr 20 bnr 138	25/4171
PS 18/26	Garasje - endring av bygg utvendig og søknad om dispensasjon - tilbygg - Kårstadvegen 10 - Gnr 19 bnr 432	26/705
PS 19/26	Handsaming etter høyring - Platting - Hjortedalssætra 178 - Gnr 188 bnr 8	24/2349
PS 20/26	Søknad om dispensasjon - Bjørke skule	26/25

Volda, 10.03.2026

Anders Egil Straume
leiar

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling vart godkjent utan merknad. Saklista vart godkjent med tilleggssak om Folkestad barnehage.

Behandling:

Folkestad barnehage, foreslått av Hans Peter Eidseflot, Senterpartiet
Spørsmål knytt til Folkestad BHG om kapasitet kommande haust i lokalet.

Det var ni røysteføre ved møtestart. Det vart halde synfaring i samband med PS 04/26 og PS 17/26.

Det var ingen merknadar til innkallinga. Hans Peter Eidseflot (SP) kom med følgjande tilleggssak: Folkestad barnehage.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Det var ingen merknadar til protokollen frå førre møte.

PS 03/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Rapport - Kartlegging av biologisk mangfald i Sunnmørsfjordane
02/26	Barnetråkk
03/26	Oversikt over kommunale køyretøy - 2026
04/26	Vedtak i klagesak - byggesak - Raudemel industriområde - etablering av matavfallsanlegg - gnr 203 bnr 22
05/26	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Vedtak om tillatelse - akvakultur - Volda - Ode AS - 45106 Alida - utviding av anlegg for oppdrett av torsk

Behandling:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

PS 04/26 Einebustad - Bratteberg 7 - Gnr 21 bnr 148

Vedtak:

Alternativ A – Innvilge løyve til dispensasjon og estetisk utforming på vilkår:

1. Dispensasjon frå regulert maksimal gesims- og mønehøgde vert innvilga etter pbl. § 19-2.
 - a. Ny gesimshøgde er maks 8,9 meter
 - b. Påbygget skal maks vere 55 m²
2. Tiltaket godkjennast etter pbl. §§ 29-1 og 29-2 som tilfredsstillande estetisk tilpassa, med desse vilkåra for å redusere nabolagsulempere:
 - a. Ugjennomsiktig, frostet rekkverk på takterrasse mot aust (min. 1,2 m høgde)
 - b. Material- og fargebruk skal harmonere med feltet; mørke matte flater på rekkverk og tekniske oppstikk for å dempe visuell dominans
 - c. Sikring av terrenginngrep (forstøtningsmur/gjerde) skal prosjekterast og utførast av tiltakshavar, med ansvar for tryggleik og vedlikehald; detaljplan før igangsetting, jf. pbl. § 28-2

Behandling:

Innvilga, foreslått av Anders Egil Straume, Kristeleg Folkeparti

Alternativ A – Innvilge løyve til dispensasjon og estetisk utforming på vilkår:

1. Dispensasjon frå regulert maksimal gesims- og mønehøgde vert innvilga etter pbl. § 19-2.
 - a. Ny gesimshøgde er maks 8,9 meter
 - b. Påbygget skal maks vere 55 m²
2. Tiltaket godkjennast etter pbl. §§ 29-1 og 29-2 som tilfredsstillande estetisk tilpassa, med desse vilkåra for å redusere nabolagsulempere:
 - a. Ugjennomsiktig, frostet rekkverk på takterrasse mot aust (min. 1,2 m høgde)
 - b. Material- og fargebruk skal harmonere med feltet; mørke matte flater på rekkverk og tekniske oppstikk for å dempe visuell dominans
 - c. Sikring av terrenginngrep (forstøtningsmur/gjerde) skal prosjekterast og utførast av tiltakshavar, med ansvar for tryggleik og vedlikehald; detaljplan før igangsetting, jf. pbl. § 28-2

Avslag, foreslått av Henriette Hafsaas, Miljøpartiet dei grøne

Alternativ B – Avslag:

1. Dispensasjon frå regulert gesims- og mønehøgde vert ikkje innvilga, då ulempene for nabo (innsyn, visuell dominans og avvik frå området karakter) ikkje vert motverka i tilstrekkeleg grad, og fordelane er ikkje klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2.
2. Søkar kan kome attende med revidert prosjekt innan regulert høgde, eller med redusert volum/takterrasseløysing.

Utvalet tilrår å nytte arkitekturfagleg kompetanse i utforminga.

Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling var på synfaring før handsaming av saka.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom forslaget frå Straume og Hafsaas.

Framlegget frå Straume fekk 6 røyster (Brynhild Helene Solvang (AP), Terje Følsvik (FrP), Petter Espe (H), Anders Egil Straume (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP)) og vart vedteke.

Framlegget frå Hafsaas fekk 3 røyster (Henriette Hafsaas (MDG), Øyvind Espe (SV), Benedikte Holmberg (UAV)) og fall.

Kommunedirektøren si tilråding:

Alternativ A – Innvilge løyve til dispensasjon og estetisk utforming på vilkår:

1. Dispensasjon frå regulert maksimal gesims- og mønehøgde vert innvilga etter pbl. § 19-2.
 - a. Ny gesimshøgde er maks 8,9 meter
 - b. Påbygget skal maks vere 55 m²
2. Tiltaket godkjennast etter pbl. §§ 29-1 og 29-2 som tilfredsstillande estetisk tilpassa, med desse vilkåra for å redusere nabolagsulempen:
 - a. Ugjennomsiktig, frostet rekkverk på takterrasse mot aust (min. 1,2 m høgde)
 - b. Material- og fargebruk skal harmonere med feltet; mørke matte flater på rekkverk og tekniske oppstikk for å dempe visuell dominans
 - c. Sikring av terrenginngrep (forstøtningsmur/gjerde) skal prosjekterast og utførast av tiltakshavar, med ansvar for tryggleik og vedlikehald; detaljplan før igangsetting, jf. pbl. § 28-2

Alternativ B – Avslag:

1. Dispensasjon frå regulert gesims- og mønehøgde vert ikkje innvilga, då ulempene for nabo (innsyn, visuell dominans og avvik frå området karakter) ikkje vert motverka i tilstrekkeleg grad, og fordelane er ikkje klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2.
2. Søkar kan kome attende med revidert prosjekt innan regulert høgde, eller med redusert volum/takterrasseløysing.

PS 05/26 Nye trafikktryggingstiltak - 2026

Vedtak:

Saka blir avvist.

Her har vi tydelege prioriteringar frå kommunestyret. Saka framstår som tilfeldig og lite heilskaplig.

Skal vi gjere så dramatiske grep i Volda sentrum må vi ha ein politisk plan som er gjennomarbeida og godt forankra.

30-soneskilta i krysset Porsemyrvegen-Skjervavegen vert flytta ned til krysset Porsemyrvegen-Lerkane.

Behandling:

Avvising av saka, foreslått av Anders Egil Straume, Kristeleg Folkeparti

Saka blir avvist.

Her har vi tydelege prioriteringar frå kommunestyret. Saka framstår som tilfeldig og lite heilskaplig.

Skal vi gjere så dramatiske grep i Volda sentrum må vi ha ein politisk plan som er gjennomarbeida og godt forankra.

Flytting av skilt, foreslått av Henriette Hafsaas, Miljøpartiet dei grønne

30-soneskilta i krysset Porsemyrvegen-Skjervavegen vert flytta ned til krysset Porsemyrvegen-Lerkane.

Avdelingsleiar for veg og park, Edvin Løfoll, møtte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom forslaget frå kommunedirektøren og Straume.
Framlegget frå Straume vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over forslaget frå Hafsaas.
Framlegget frå Hafsaas vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

TFU vedtek følgande innføring av følgande tiltak:

Vegar med p-forbod og p-plassar med tidsavgrensing:

Symrevegen - p-forbod
Øvrevegen - p-forbod
Lægdavegen - p-forbod
Gamlevegen (frå gamle Engesetveg) - p-forbod
Hans Strømvegen - p-forbod
Skrivarvegen - p-forbod
P-plass ved Heltneelva - tidsbegrensa p-forbod – 24 timar
P-plass ved Dalen (Bratteberg) - tidsbegrensa p-forbod – 24 timar

Vegar med redusert fartsgrense:

Røyslidvegen - "sone 40km/t"
Kylnevegen - "sone 30km/t"

PS 06/26 Reviderte retningslinjer for brøyting av kommunale vegar i Volda kommune**Vedtak:**

Tenesteutval for forvaltning og utvikling vedtek dei reviderte retningslinjene for brøyting av kommunale vegar i Volda.

Behandling:

Avdelingsleiar for veg og park, Edvin Løfoll, møtte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling vedtek dei reviderte retningslinjene for brøyting av kommunale vegar i Volda.

PS 07/26 Utbyggingsavtale Tussa Energi AS - Nye Tussa Kraftverk på Bjørke**Vedtak:**

Kommunedirektøren tilrår signering av vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Tussa Energi AS og Volda kommune i samband med utbygginga av nye Tussa kraftverk (effektoppgraderinga) på Bjørke.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår signering av vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Tussa Energi AS og Volda kommune i samband med utbygginga av nye Tussa kraftverk (effektoppgraderinga) på Bjørke.

PS 08/26 Jordlovshandsaming, deling av grunn til Lauvstad vassverk - Arve Sundnes - Volda - gnr 158 bnr 4

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 18.02.20265 frå Arve Sundnes, eigar av gnr 158 bnr 4. Det vert søkt om løyve til å dele ifrå 2 daa frå landbrukseigedomen til føremål vassverk. Av det søkte arealet er 0,7 daa LNF-område som treng jordlovshandsaming. Ein mindre del av arealet er registrert som dyrkbar jord.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet løyve til omdisponering av 0,3 daa dyrkbar jord til vassverkstomt. Arealet ligg inn til område som i kommunedelplanen er avsett til føremålet vassverk og oppdyrking er difor lite aktuelt.

Med heimel i jordlova § 12 gjev tenesteutvalet løyve til deling av 0,7 daa som er LNF-område i kommunedelplanen. Resterande 1,3 daa av tomta er regulert til vassverk i kommunedelplanen og treng ikkje løyve etter jordlova.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 18.02.20265 frå Arve Sundnes, eigar av gnr 158 bnr 4. Det vert søkt om løyve til å dele ifrå 2 daa frå landbrukseigedomen til føremål vassverk. Av det søkte arealet er 0,7 daa LNF-område som treng jordlovshandsaming. Ein mindre del av arealet er registrert som dyrkbar jord.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet løyve til omdisponering av 0,3 daa dyrkbar jord til vassverkstomt. Arealet ligg inn til område som i kommunedelplanen er avsett til føremålet vassverk og oppdyrking er difor lite aktuelt.

Med heimel i jordlova § 12 gjev tenesteutvalet løyve til deling av 0,7 daa som er LNF-område i kommunedelplanen. Resterande 1,3 daa av tomta er regulert til vassverk i kommunedelplanen og treng ikkje løyve etter jordlova.

PS 09/26 Jordlovshandsaming, omdisponering av dyrka jord til ny bustad - Ingeborg Dybdal Øie - Volda - gnr 7 bnr 6

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 18.12.2025 frå Ose AS for eigar Ingeborg Dybdal Øie om oppføring av nytt hus på gnr 7 bnr 6. Tiltaket er planlagt slik at det vil føre til omdisponering av om lag 0,9 daa dyrka jord. Søknaden er vurdert opp mot måla i jordvernstrategien til Volda kommune. I vurderinga legg utvalet til grunn situasjonsplanen dagsett 20.02.2026.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet løyve til omdisponering av inntil 0,9 daa dyrka jord til bustadføre mål. Utvalet legg avgjerande vekt på den positive effekten som ny busetjing på eigedomen kan få, ved at busetjinga kan føre til drift av jordbruksareala og stell av kulturlandskap som elles kan gå tapt.

Ein set vilkår om at:

- Matjorda frå tomta skal gjenbrukast til å forbetre eller utvide jordbruksareal
- Ein skal sikre naudsynt tilkomst til jordbruksareala nord for nytt hus.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 18.12.2025 frå Ose AS for eigar Ingeborg Dybdal Øie om oppføring av nytt hus på gnr 7 bnr 6. Tiltaket er planlagt slik at det vil føre til omdisponering av om lag 0,9 daa dyrka jord. Søknaden er vurdert opp mot måla i jordvernstrategien til Volda kommune. I vurderinga legg utvalet til grunn situasjonsplanen dagsett 20.02.2026.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet løyve til omdisponering av inntil 0,9 daa dyrka jord til bustadføre mål. Utvalet legg avgjerande vekt på den positive effekten som ny busetjing på eigedomen kan få, ved at busetjinga kan føre til drift av jordbruksareala og stell av kulturlandskap som elles kan gå tapt.

Ein set vilkår om at:

- Matjorda frå tomta skal gjenbrukast til å forbetre eller utvide jordbruksareal
- Ein skal sikre naudsynt tilkomst til jordbruksareala nord for nytt hus.

PS 10/26 Nydyrking - Marius Løddøen - Volda - gnr 204 bnr 1

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad motteke 12.02.2026 frå Marius Løddøen om løyve til å nydyrke 14,3 daa på gnr 204 bnr 1. Søknaden er vurdert i høve naturmangfaldslova §§ 8 – 12.

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 gjev tenesteutvalet løyve til å dyrke opp 14,3 daa i samsvar med søknaden. Ein gjev løyve då det er behov for meir jordbruksareal, og då ein ikkje finn at tiltaket er i konflikt med andre natur-, miljø- og samfunnsinteresser.

Vilkår:

1. Frist for oppstart er 3 år, vidare skal dyrkinga vere ferdig innan dei neste tre åra.

Behandling:

Olin Bruheim Løvlid reiste spørsmål om gildskap då ho er nabo til gardsbruket. Ho gjekk frå under handsaminga av gildskap.

Røysting over gildskap (8 røysteføre):

Olin Bruheim Løvlid vart samrøystes kjent gild.

Olin Bruheim Løvlid tok sete.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad motteke 12.02.2026 frå Marius Løddøen om løyve til å nydyrke 14,3 daa på gnr 204 bnr 1. Søknaden er vurdert i høve naturmangfaldslova §§ 8 – 12.

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 gjev tenesteutvalet løyve til å dyrke opp 14,3 daa i samsvar med søknaden. Ein gjev løyve då det er behov for meir jordbruksareal, og då ein ikkje finn at tiltaket er i konflikt med andre natur-, miljø- og samfunnsinteresser.

Vilkår:

1. Frist for oppstart er 3 år, vidare skal dyrkinga vere ferdig innan dei neste tre åra.

PS 11/26 Handsaming av klage på utsett oppstartsfrist, Bøfurevegen - Volda - gnr 201 m.fl.

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling i Volda kommune viser til vedtak DS 11/26, som vart gjort 04.02.26.

Etter å ha vurdert momenta i klaga vel utvalet å oppretthalde vedtaket om å gi utsett frist for oppstart på landbruksvegen Bøfurevegen til 06.03.2029.

Grunngjeving som i tidlegare vedtak.

Klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, med alle vedlegg, for endeleg avgjerd av klaga.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling i Volda kommune viser til vedtak DS 11/26, som vart gjort 04.02.26.

Etter å ha vurdert momenta i klaga vel utvalet å oppretthalde vedtaket om å gi utsett frist for oppstart på landbruksvegen Bøfurevegen til 06.03.2029.

Grunngjeving som i tidlegare vedtak.

Klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, med alle vedlegg, for endeleg avgjerd av klaga.

PS 12/26 Klage på avslag oppretting av punktfeste - Bjørnesetsætra 25 - Gnr 86 bnr 32

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling utset saka i påventa av at klagar får høve til å framskaffe supplerande fagleg vurdering, til dømes om bygningen kan plasserast i Sikkerheitsklasse S1.

Behandling:

Utsetjingsframlegg, foreslått av Hans Peter Eidseflot, Senterpartiet

Tenesteutval for forvaltning og utvikling utset saka i påventa av at klagar får høve til å framskaffe supplerande fagleg vurdering, til dømes om bygningen kan plasserast i Sikkerheitsklasse S1.

Det vart røysta over utsetjingsframlegget frå Eidseflot. Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke. Saka er utsett.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. I medhald av pbl § 28-1 jf TEK17 kap 7 § 7-3 jf. forvaltningslova § 33 meiner Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling at klagen til Janne Løfoll ikkje inneheld nye moment som tilseier at utvalet bør endre vedtak i sak 43/26 datert 16.02.2026.
2. Dette vedtaket, klage frå Janne Løfoll, samt andre relevante dokument i saka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og romsdal for endeleg avgjerd.

PS 13/26 Handsaming etter høyring - Platting og vedbod - Hjortedalsætra 194 - Gnr 188 bnr 18

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå arelføremålet LNF for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på Hjortedalssætra 194, gnr 188 bnr 18 med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Etter ei konkret vurdering kjem vi til at omsynet bak arealføremålet LNF vert ikkje vesentleg sett til side og fordelane er større enn ulempene.

Behandling:**Røysting (9 røysteføre):**

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå arelføremålet LNF for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på Hjortedalssætra 194, gnr 188 bnr 18 med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Etter ei konkret vurdering kjem vi til at omsynet bak arealføremålet LNF vert ikkje vesentleg sett til side og fordelane er større enn ulempene.

PS 14/26 Søknad om dispensasjon - Fylling Iverbogen - Folkestad - gnr 107 bnr 4**Vedtak:**

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i strandsona (pbl. § 1-8) og arealformålet blå/grønstruktur med føresegner i kommunedelplan for tidlegare Volda kommune til omsøkte tiltak i søknad datert 25.06.2025.

Vilkår for dispensasjon er at det vert gjennomført desse kompensarande tiltaka:

- Fjerne storstein på stranda og legge opp som avgrensing mot skråninga opp mot vegen
- Rydde sti mellom fjøre/strand i nord og fylling
- Fyllingskant mot fjøre/strand strammast opp
- Etablere bål plass/samlingsstad lengst nord på fylling
- Rydde opp i bygnings- og hageavfall
- Eksisterande vegetasjon vidareførast
- Supplere med nytt buskfelt for å skjerme bål plass
- Etablere areal for sykkelparkering i forbindelse med bål plass

Vedtaket er heimla med pbl. § 19-2.

Behandling:**Røysting (9 røysteføre):**

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i strandsona (pbl. § 1-8) og arealformålet blå/grønstruktur med føresegner i kommunedelplan for tidlegare Volda kommune til omsøkte tiltak i søknad datert 25.06.2025.

Vilkår for dispensasjon er at det vert gjennomført desse kompensiarande tiltaka:

- Fjerne storstein på stranda og legge opp som avgrensing mot skråninga opp mot vegen
- Rydde sti mellom fjøre/strand i nord og fylling
- Fyllingskant mot fjøre/strand strammast opp
- Etablere bål plass/samlingsstad lengst nord på fylling
- Rydde opp i bygnings- og hageavfall
- Eksisterande vegetasjon vidareførast
- Supplere med nytt buskfelt for å skjerme bål plass
- Etablere areal for sykkelparkering i forbindelse med bål plass

Vedtaket er heimla med pbl. § 19-2.

PS 15/26 Ny søknad om dispensasjon - Furene 16 - Gnr 12 bnr 61**Vedtak:**

Vedtak 67/24 Tenesteutval for forvaltning og utvikling gjerast om inkje.

1. Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå § 2.1.1 a) i reguleringsplan for Furene I/F/K9 mfl. (planID 2012002). Dispensasjonen føreset at omsøkte areal på 323,6 m2 vert nytta til utstillingslokale (50 %) og lager/verkstad for montering av møblar og utstyr (50 %). Direkte sal er tillate ut frå utstillingslokale.

Grunngjeving:

Det vert lagt til rette for eit sosialt berekraftig konsept med samarbeid mellom næringslivet og arbeids- og inkluderingsbedrifta Furene AS på ein god måte. Omsøkte endring er ikkje detaljhandel i vanleg forstand og vil ikkje generere vesentleg større aktivitet i området.

Behandling:**Røysting (9 røysteføre):**

Det vart røysta alternativt over Alternativ 1 og Alternativ 2 i kommunedirektøren si tilråding.

Alternativ 1 fekk 6 røyster (Brynhild Helene Solvang (AP), Terje Følsvik (FrP), Petter Espe (H), Anders Egil Straume (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP)) og vart vedteke.

Alternativ 2 fekk 3 røyster (Henriette Hafsaas (MDG), Øyvind Espe (SV), Benedikte Holmberg (UAV)) og fall.

Kommunedirektøren si tilråding:Alternativ 1:

Vedtak 67/24 Tenesteutval for forvaltning og utvikling gjerast om inkje.

1. Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå § 2.1.1 a) i reguleringsplan for Furene I/F/K9 mfl. (planID 2012002). Dispensasjonen føreset at omsøkte areal på 323,6 m2 vert nytta til utstillingslokale (50 %) og lager/verkstad for montering av møblar og utstyr (50 %). Direkte sal er tillate ut frå utstillingslokale.

Grunngjeving:

Det vert lagt til rette for eit sosialt berekraftig konsept med samarbeid mellom næringslivet og arbeids- og inkluderingsbedrifta Furene AS på ein god måte. Omsøkte endring er ikkje detaljhandel i vanleg forstand og vil ikkje generere vesentleg større aktivitet i området.

Alternativ 2:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling vil ikkje tillate direkte sal ut frå lokale og gir ikkje ny dispensasjon som omsøkt i søknad datert 06.02.2025.

Vedtak 67/24 i Teneneste utval for forvaltning og utvikling står ved lag og er framleis gjeldande.

PS 16/26 Delegerte saker

Vedtak:

Dei delegerte sakene vart tenke til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
15/26	Dispensasjonsvedtak - Grensejustering - Gnr 15 bnr 30 og Gnr 15 bnr 34 - Klørivegen
19/26	Ferdigattest - Badstu - Munken - gnr 17 bnr 228
25/26	Dispensasjonsvedtak - Dispensasjon frå LNF-føremål for jaktbu i Aldalen - gnr 38 bnr 3
36/26	Adressevedtak - Kirkhornsbakkane 81A, B, C og D - Gnr 205 bnr 56 og 57
38/26	Avvisning - Klage på avgjersle om at viltgjerde er unntatt søknadsplikt
43/26	Avslag på søknad om oppretting av punktfeste - Bjørnesetsætra 25 - Gnr 86 bnr 32
45/26	Adressevedtak - Blåfjellsvegen 397 - Gnr 104 bnr 2
48/26	Adressevedtak - Osdalsvegen 701 - Gnr 58 bnr 3
49/26	Adressevedtak - Dalevegen 99 - Gnr 80 bnr 2
58/26	Adressevedtak - Hjartåvegen 97 - Gnr 38 bnr 1
62/26	Svar på søknad om støtte frå viltfondet til kurs i jaktleders ansvar - Jan Roger Bjørkedal - 1577 Volda
313/25	Adressevedtak - Andanesvegen 18 - Gnr 30 bnr 1
324/25	Adressevedtak - Grendavegen 197 - Gnr 181 bnr 43
326/25	Ferdigattest - Oppføring av 2-mannsbustad - Rasmusvegen 1A og 1B - gnr 20 bnr 622
04/26	Ferdigattest - Bruksendring 2 etasje - Elvegata 7 - gnr 29 bnr 48
03/26	Ferdigattest - Endring av bygg utvendig - tilbygg - Kilsvegen 8 - gnr 96 bnr 3
27/26	Ferdigattest - Etablering av tilkomstveg - Austeffjord - gnr 74 bnr 17
316/25	Ferdigattest - Oppføring av 2-mannsbustad med garasjar - Rasmusvegen 3A og 3B - gnr 20 bnr 6
05/26	Ferdigattest - Oppføring av einebustad og garasje på branntomt - Råsa - gnr 107 bnr 38
14/26	Ferdigattest - Oppføring av fritidsbustad - Harevadet 51 - gnr 182 bnr 95
54/26	Ferdigattest - Oppføring av terrasse og pergola - Lidavegen 121 - gnr 3 bnr 32 og 33
22/26	Ferdigattest - Rehabilitering av pipe - Vikebygdvegen 407 - gnr 23 bnr 2
315/25	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Fyrdavegen 125 - gnr 46 bnr 1

51/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Håskjoldvegen 20 - gnr 11 bnr 9
327/25	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Kilsvegen 20 - gnr 96 bnr 4
53/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Markvegen 11 - gnr 30 bnr 444
26/26	Ferdigattest - Renovering av skorstein - Symrevegen 18 - gnr 19 bnr 997
318/25	Ferdigattest - Riving av gammalt hus - Espelund - gnr 188 bnr 4
317/25	Ferdigattest - Riving og oppattføring av carport og utviding av kjellaretasje - Smithsgata 15 - gnr 19 bnr 517
325/25	Ferdigattest - Sanere og legge nye leidningar for vatn, spillvatn og overvant - Heltnevegen 1-13 - gnr 19 bnr 453 m.fl.
20/26	Ferdigattest - Søknad om løyve i eitt trinn - Elvegata 14A - gnr 19 bnr 917
29/26	Ferdigattest - Tilbygg - Sanden 24 - gnr 206 bnr 54
310/25	Ferdigattest - Tilbygg til bustadhus - Olaskogen 1 - gnr 13 bnr 135
59/26	Ferdigattest - Tilbygg, påbygg m.m - Rotsetstranda 10 - gnr 30 bnr 328
09/26	Løyve til tiltak - Tilbygg til fritidsbustad - Knutsdalsvegen 108 - gnr 199 bnr 5
44/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Hornindalsvegen 696 - gnr 193 bnr 7
18/26	Løyve til tiltak - Renovering av skorstein - Symrevegen 18 - gnr 19 bnr 997
33/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Markvegen 11 - gnr 30 bnr 444
31/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Håskjoldvegen 20 - gnr 11 bnr 9
10/26	Løyve til tiltak - Riving av studentblokk - Vikebygdvegen 25 - gnr 20 bnr 46
52/26	Rammeløyve - Oppføring av bustad - Småslåtten 3 - gnr 21 bnr 141
35/26	Ferdigattest - Tilbygg og bruksendring - Abelråsa 8A - gnr 205 bnr 78
12/26	Produksjonstilskot, avkorting - Brenne gård DA - Volda - gnr 109 bnr 1
40/26	Løyve til tiltak - Tilbygg uteplass og carport m.m - Lægdavegen 34B - gnr 30 bnr 60
24/26	Løyve til tiltak - Utbetring av vasskade, byggteknisk installasjon - Småslåtten 7A og 7C - gnr 21 bnr 140 snr 9 og 11
328/25	Mellombels bruksløyve - Oppføring av fritidsbustad - Harevadet 74 - gnr 182 bnr 171
314/25	Mellombels bruksløyve - Tilbygg til driftsbygning - Tomasgardvegen - gnr 203 bnr 7
298/25	Løyve til tiltak - Tilbygg til driftsbygning - Seljesetvegen 145 - gnr 200 bnr 4
320/25	Ferdigattest - Tilbygg til driftsbygning - Grendavegen - gnr 181 bnr 2
319/25	Mellombels fråfall frå krav om seteheis - Mork barnehage - Morkavegen 54 - gnr 12 bnr 43
08/26	Rammeløyve - Studenthytte - Folkestadsætra - gnr 104 bnr 2
322/25	Revidert vedtak om deling - Gnr 182 bnr 4 - Deling og oppmålingsforretning - Harevadet høgdebasseng
28/26	Svar på melding om hogst i naturtypen olivinskog - Vegard Helset - 1577 Volda - gnr. 92 bnr. 1
323/25	Svar på søknad om midlar til registrering av hønsehauk 2026
11/26	Søknad om utsett frist for oppstart - Bøfurevegen - Volda - gnr 201
01/26	Vedtak om deling - Gnr 18 bnr 10 - Frådeling av parsell - Gamlevegen 20
47/26	Igongsettings- og endringsløyve - Oppføring av einbustad og garasje - Osdalsvegen 701 - gnr 58 bnr 3
13/26	Igongsettingsløyve - Oppføring av reduksjonshus - Uravegen - gnr 20 bnr 190
50/26	Løyve til tiltak - Bruksendring - Granlida 21 - gnr 20 bnr 200
39/26	Løyve til tiltak - Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel i underetasje - Krikebøvegen 12 - gnr 27 bnr 83
06/26	Løyve til tiltak - Bruksendring frå bod til soverom - Bøgardsvegen 9 - gnr 20 bnr 393
32/26	Løyve til tiltak - Bygge garasje - Engesetgeila 14 - gnr 18 bnr 184
16/26	Løyve til tiltak - Inngangsparti og hagestove - Høgtunvegen 1 - gnr 27 bnr 100

329/25	Løyve til tiltak - Mindre tilbygg til driftsbygning - Håskjoldvegen 41 - gnr 11 bnr 5
30/26	Løyve til tiltak - Oppføring av garasje - Klørivegen 7 - gnr 15 bnr 34
311/25	Løyve til tiltak - Bruksendring av driftsbygning - Åmelfotvegen - gnr 133 bnr 1
312/25	Løyve til tiltak - Carporttilbygg - Hornindalsvegen 712 - gnr 193 bnr 16
21/26	Løyve til tiltak - Endring av bygg utvendig/ riving av tilbygg - Storgata 27 - gnr 19 bnr 82
46/26	Løyve til tiltak - Heving av levegg og lamell-tak - Kleppevegen 86 - gnr 17 bnr 243
23/26	Løyve til tiltak - innvendig ombygging - Sjukehusvegen 6A - gnr 19 bnr 396
34/26	Løyve til tiltak - Nytt anlegg - Telekommunikasjon - Elvegata 28 - gnr 19 bnr 99
17/26	Løyve til tiltak - Nytt utvendig VA-anlegg - Raudemel - gnr 203 bnr 14
60/26	Løyve til tiltak - Ombygging innvending - Hamnegata 20 - gnr 29 bnr 43
02/26	Løyve til tiltak - oppføring av carport - Steinbakken 6A - gnr 18 bnr 303
331/25	Løyve til tiltak - Oppføring av forstøtningsmur - Smiebakken 24 - gnr 20 bnr 429
305/25	Løyve til tiltak - Oppføring av fritidsbustad - Harevadet 190 - gnr 182 bnr 211
42/26	Løyve til tiltak - Påbygg til bustad - Ytrestøylen 60 - gnr 10 bnr 6
332/25	Løyve til tiltak - Rehabilitering av pipe - Svorastranda 26 - gnr 209 bnr 1

Behandling:

Dei delegerte sakene vart tenke til vitende.

PS 17/26 Carport med altan og levegg - Furebakken 3 - Gnr 20 bnr 138

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling vurderer at omsøkte tilbygg til Furebakken 3 har gode visuelle kvaliteter og er i tråd med sone med særleg omsyn til bygningsmiljø, Brenslene, Granlida og Furebakken (område # 5), jf. pbl. § 29-2. Ovannemnte er under føresetnad av at levegg blir erstatta med spilevegg lik resten av rekkverk.

Behandling:

Alternativt forslag, foreslått av Anders Egil Straume, Kristeleg Folkeparti
Tenesteutval for forvaltning og utvikling vurderer at omsøkte tilbygg til Furebakken 3 har gode visuelle kvaliteter og er i tråd med sone med særleg omsyn til bygningsmiljø, Brenslene, Granlida og Furebakken (område # 5), jf. pbl. § 29-2. Ovannemnte er under føresetnad av at levegg blir erstatta med spilevegg lik resten av rekkverk.

Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling var på synfaring før handsaming av saka.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom forslaget frå kommunedirektøren og Straume.

Framlegget frå Straume vart samrøystes vedteke. Kommunedirektøren si tilråding fekk ingen røyster og fall.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling vurderer at omsøkte tilbygg til Furebakken 3 har gode visuelle kvaliteter og er i tråd med sone med særleg omsyn til bygningsmiljø, Brenslene, Granlida og Furebakken (område # 5), jf. pbl. § 29-2.

Ovannemnte er under føresetnad av at levegg mellom bustadhus og utestove vert fjerna.

PS 18/26 Garasje - endring av bygg utvendig og søknad om dispensasjon - tilbygg - Kårstadvegen 10 - Gnr 19 bnr 432**Vedtak:**

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå reguleringsplane Røysmarka si føresegn § 3.7 for krav om at garasjar skal vere maks 40 m².

Dispensasjonen er gjeve på vilkår av at:

carport opp til 23 m² kan byggjast som tilbygg til garasje med plassering i tråd med situasjonsplan.

Behandling:**Røysting (9 røysteføre):**

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå reguleringsplane Røysmarka si føresegn § 3.7 for krav om at garasjar skal vere maks 40 m².

Dispensasjonen er gjeve på vilkår av at:

carport opp til 23 m² kan byggjast som tilbygg til garasje med plassering i tråd med situasjonsplan.

PS 19/26 Handsaming etter høyring - Platting - Hjortedalssætra 178 - Gnr 188 bnr 8**Vedtak:**

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen for oppføring av platting på bakken og nettinggjerde til hytte på Hjortedalssætra 178, gnr 188 bnr 8 med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Etter ei konkret vurdering kjem vi til at omsynet bak arealføremålet LNF vert ikkje vesentleg sett til side og fordelane er større enn ulempene.

Behandling:

Avslag på dispensasjon, foreslått av Henriette Hafsaas, Miljøpartiet dei grøne

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir ikkje dispensasjon frå arealføremålet LNF då tiltaket ligg nær SEFRAK-registrerte bygningar.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom forslaget frå kommunedirektøren og Hafsaas.

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 7 røyster (Brynhild Helene Solvang (AP), Terje Følsvik (FrP), Petter Espe (H), Anders Egil Straume (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Øyvind Espe (SV)) og vart vedteke.

Framlegget frå Hafsaas fekk 2 røyster (Henriette Hafsaas (MDG), Benedikte Holmberg (UAV)) og fall.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen for oppføring av platting på bakken og nettinggjerd til hytte på Hjortedalssætra 178, gnr 188 bnr 8 med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Etter ei konkret vurdering kjem vi til at omsynet bak arealføremålet LNF vert ikkje vesentleg sett til side og fordelane er større enn ulempene.

PS 20/26 Søknad om dispensasjon - Bjørke skule

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 mellombels dispensasjon frå arealføremålet LNF slik at Bjørke skule kan takast i bruk til bustad, to ferieleilegheiter, sporadiske arrangement og bubilparkering. Den mellombelse dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

- Den mellombelse dispensasjonen gjeld for 3 – tre - år.
- Regulering startast opp og planinitiativ skal vere innsendt til kommunen innan 1 -eitt - år.
- Sporadiske arrangement kan arrangerast i bygget inntil 2 gongar i månaden.
- Tiltakshavar treng løyve frå fylkeskommunen til utvida/endra bruk av avkørselen.
- Vatn og avløp må avklarast i byggjesak.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 mellombels dispensasjon frå arealføremålet LNF slik at Bjørke skule kan takast i bruk til bustad, to ferieleilegheiter, sporadiske arrangement og bubilparkering. Den mellombelse dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

- Den mellombelse dispensasjonen gjeld for 3 – tre - år.
- Regulering startast opp og planinitiativ skal vere innsendt til kommunen innan 1 -eitt - år.
- Sporadiske arrangement kan arrangerast i bygget inntil 2 gongar i månaden.
- Tiltakshavar treng løyve frå fylkeskommunen til utvida/endra bruk av avkørselen.
- Vatn og avløp må avklarast i byggjesak.